



Johannes Hauge (83) turkar høy på gamlemåten med såter, breiing og høyvending. I bakgrunnen ser vi stabburet og det gamle våningshuset.

På vår faste tur til Skorpo og Johannes Hauge vert vi i dag med på høyturking på gamlemåten. Johannes Hauge (83 år) bur Oppe i Skorpo på gardsbruket som på folkemunne vert kalla Tunet i det blå, etter tittelen på Lavik sin roman frå 1945. Johannes bur åleine og driv eit tradisjonelt landbruk, noko maskinelt, men mykje vert gjort med handamakt.

På Skorpo som elles i Uskedalen, kom sommaren seint i år. Johannes slår graset med ein liten tohjuls slåmaskin. Det er mest sauahøy i rekna. Han turkar på bakken og bergar høyet i hus i den gamle løa. På kvelden legg han høyet i riller eller det vert sett opp i såter. Dagen etter breier han graset og snur og vender til det er turt. Han har høyvendar på traktoren, men som oftast gjer han det for hand med riva.

Etter kua, som fekk namnet Skeivhodno, vart slakta for vel eit år sidan, har Johannes berre sauer og høns. 12 sauer og 24 lam er overalt og beitar ned det som før var kantslåtten. Potene står fint, inngjerda på elektrisk gjerde for å hindra at hjorten kjem til og gjer skade.

Sist beke var det heile 7 hjortar på innmarka. Han har prøvd mangt og mykje for å jaga dei, men det er ikkje enkelt. Det siste han prøvde, var ein radio med høg dansemusikk plassert ute i graset. Det hjelpte ei stund, men no er flokken attende. Mange år brukte han påklede menneskefigurar som skremsel.

Johannes Hauge har god helse og er sjeldan sjuk. Han vart rett nok 'sett ut' ei veke med sterk forkjøling for ei tid sidan. Det var ikkje naudsynt med lege. Den beste medisinen ved forkjølling er ein conjak før ein legg seg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Høyet vert berga i hus i den gamle løa, utan køyrebru.